


Analyse av sporinga under Seilmakeren Doublehanded 2025

Av Harald Gjøsæter (med gode innspel frå Harald Matland)

Starten gjekk kl 17 i Hauglandsosen, og løpet mot sør skulle seglast. Det var 14 startande i klasse A (minste båtane) og 14 i klasse B. Det var medvindsstart i ein frisk bris til liten kuling frå nord. Som vanleg var det ein disiplinert gjeng som stakk av garde, biletet visar situasjonen i det startskotet går. Ingen er over lina, men etter seks sekund er første båten, Zephyr 3, over. Siste båt gav seg god tid, og passerte startlina først etter 1 min 45 sek.

Alle båtane gjekk i flokk søretter forbi Hetlevik og Follese, og Zorro, raskaste båten i feltet og nr 2 over startlina, tok som venta leiinga. Det vart snart stort strekk i feltet, då Zorro passerte Sotrabraua var framleis dei siste båtane ved Follese. Det er difor mest hensiktsmessig å halda dei to klassane kvar for seg i den vidare analysen.




Klasse B – dei store båtane


Etter ein times seglas var båtane spreidd i Kobbeleia og Vatlestraumen, som biletet til høgre viser. Berre to båtar valde Vatlestraumen denne gongen. Det spelte neppe stor rolle, det var god vind begge stader. Dei to båtane som gjekk Vatlestraumen var nr 2 og 12 då dei gjorde dette valet, og var nr 2 og 11 då dei møtte dei andre båtane sør for Tyssøy. Lillefix, den fremste av dei, gjekk ikkje Lerøyosen som dei andre, men stakk seg ut Bukken. Heller ikkje dette gjorde mykje frå eller til, båten var framleis nr 2 då han møtte dei andre på Korsfjorden.

Det er først etter passering Børneset at det første store vegvalet må takast. Nokre går ut Korsfjorden mot Marsteinen, medan andre går gjennom Austevoll. Slik var det også i år. Ni båtar sette kursen ut fjorden, medan dei fem andre gav seg i veg over Korsfjorden mot Korssundet og Hundvåkosen. Biletet til høgre viser situasjonen etter 2 1/2 time. Zorro er i Marsteinsundet, Zephyr-3 og Ren Glede er på veg inn i Bakkasundet. Alle dei andre som gjekk ut Korsfjorden følgde i Zorro sitt kjølvatn. Det å gå heilt ut til Marsteinen har sjølvsagt ein kostnad der og då, sidan den kursen slett ikkje er mot målet. Dette kan illustrerast med at Zorro var nummer 4 og Sheep Dip var nummer 5 ved passering Børneset. I Marsteinsundet var dei nede på ein 9. og ein 10. plass. Dei to som gjekk Bakkasundet var nr 1 og 7 ved passering Børneset, og nr 1 og 3 på veg inn i Bakkasundet.

Dei som går gjennom Austevoll får gjerne ein kortsiktig gevinst, fordi kursen er rett mot målet. Dei tre fremste båtane som gjekk den vegen var nr 2, 8 og 11 ved passering Børneset og nr 2, 4, og 7 då dei passerte under Austevollsbrua.



Spørsmålet er sjølvsagt om det eine eller andre vegvalet svarar seg på lengre sikt. Om vi ser på dei same båtane ved passering Slåtterøy Fyr, så viser det seg at dei to første som gjekk heilt til Marsteinen har avansert til hhv nr 3 og nr 5, dei to «Bakkasundbåtane» er nr 1 og nr 4, og dei tre fremste som gjekk gjennom Austevoll er nr 7, nr 8, og nr 11. Det er vanskeleg å lesa nokon tydeleg tap eller vinning på desse sju båtane. Dei som gjekk ut har behalde eller forbetra sine posisjonar litt, dei som gjekk Bakkasundet har også behalde eller forbetra si plassering litt, medan av dei tre første som gjekk gjennom Austevoll har to halde på sine plasseringar medan ein har forverra sin posisjon. No er det jo ikkje berre vegvalet som har betydd noko for plasseringa, det kan jo ha vore god eller mindre god båthandtering, smart eller mindre smart seglval etc. som også har spela ei rolle, så alt i alt ser det ut for at denne gongen var det ikkje avgjerande om ein gjekk heilt til havs, halvvegs ut, eller gjennom Austevoll. Etter fem timars segling er feltet spreidd mellom Hiskjo og nord av Slåtterøy Fyr, slik biletet til høgre viser. Båten som leiar på dette tidspunktet, Avanti II, var nr 2 ved Børneset og gjekk ut til Marsteinen.



Ved midnatt, etter sju timars segling, runda Zorro, som første båt, Ramsholmane på Sletta, og gav seg i veg nord att. Zorro låg då på 7. plass i klassen. Alle i klassen gjekk vest om Bømlo på returen. Alle med unntak av to, gjekk innom Espevær og nær land nordetter til Hiskjo, dei to siste gjekk vestom alle øyane og holmane også på returen. Etter 10 timars segling, hadde alle båtane i klasse B runda Ramsholmane og situasjonen var som vist på kartet.




Det skjedde ikkje så mykje meir spanande på turen nord, dei fleste gjekk i gåseflokk etter Zorro vest av Austevoll. Eit par båtar valde litt andre vegar, ein gjekk Stolmasundet og gjennom Austevoll og ein gjekk inn Bakkasundet i staden for å gå heilt til Marsteinen. Det ser ikkje ut for at dei verken tapte eller vann noko særleg på desse vegvala.

NOR RATING KLASSE B			
☆	1	Zephyr-3	Sørhaug / Soltvedt 1.0833
☆	2	Avanti II	Andreasen / Hagland 1.0938
☆	3	Zorro	Robberstad / Haugen 1.2306
♥	4	Lillefix	Sola / Tjessheim 1.0882
♥	5	Ren Glede	Bekkenes / Iden 1.1384
♥	6	FOX	Holst / Njølstad 1.1115
♥	7	SHEEP DIP	Knudsen / Bruås 1.1844
♥	8	Amarylilis	Utåker / Aalen 1.1189
♥	9	Aquasense	Nordstrand / Drange 1.1097
♥	10	Hurrucane	arno / Imbert 1.0971
♥	11	FRØKEN SMILLA	Fotland / Kvåle 1.1188
♥	12	Mani	vossgård / Nesse 1.0856
♥	13	Finally	Malmö / Næss 1.1228
♥	-	Eureka [DNF]	Gilje-Sørnes / Huth [DNF]

Etter knapt 14 timars seglas gjekk Zorro i mål, og om lag 7 timar etter gjekk siste båt i denne største klassen i mål. Ein båt braut undervegs, og heldt fram mot Stavanger då dei andre runda Ramsholmane, medan tretten båtar kom i mål. Zephyr-3, som tok beste starten, heldt seg godt framme på resultatlista heile vegen, og vann til slutt. Også Avanti II og Zorro, som kom på dei neste plassane, låg langt framme heile vegen, og sikra plasseringa med god segling også på returen.

Klasse A – dei små båtane

Shiraz, X-faktor, og Mithrandir tok leiinga i denne klassen ut frå start. Åtte av båtane valde Kobbeleia, medan seks valde Vattlestraumen, sjå biletet til høgre. Det ser ikkje ut som om dette vegvalet spela ei stor rolle i denne klassen heller. Tre båtar, X-faktor, Puffin og Stayer, valde å gå Bukken, medan dei andre gjekk Lerøyosen. Ingen av dei små båtane gjekk til Marsteinen, men tre, Marild, Stormen, og Annisen, gjekk Bakkasundet. Desse tre var hhv nr 4, 10, og 14 ved passering Børneset. Alle dei andre gjekk gjennom Hundvåkosen og Stolmasundet. Marild ser ut til å ha profittert på å gå lengst ut av alle, etter Bakkasundet gjekk dei vest om Møkster og Stolmen. Ved passering Slåtterøy Fyr var Marild oppe på første plass, Stormen på tredje og Annisen hadde klatra ein plass til 13. Det var skiftande vindforhold både i Korssundet og Hundvåkosen, og fleire av båtane som gjekk her vart liggjande i stilla i periodar. Shiraz, som hadde førsteplassen på veg inn i Korssundet, var nr 4 ved utgangen av Stolmasundet.




Fin solnedgang på havet sør for Stolmen. Foto Harald Gjøsæter.

Bømlafjorden på vegen sør. Biletet over, teke frå «Båtenvår» sør for Stolmen kl 22:15 viser ein fin solnedgang. Vi målte vinden til 11 m/s på det tidspunktet. Nokre sette spinnakeren att då dei hadde passert Slåtterøy fyr, men det var i spissaste laget for mange.

Biletet syner situasjonen etter fem timars segling, då første båten er rett vest av Goddo medan den siste er i Stolmasundet. Det skjedde lite herfrå og til runding. Dei fleste gjekk langt frå land og utom alle øyar og holmar. To båtar, Ventus og X-faktor gjekk «i fjøresteinane» frå Slåtterøy og eit stykke sør men gjekk sidan lenger ut. Andre, som Båtenvår, Synzygus, Shiraz og Annisen søkte seg inn mot land etter at Hiskjo var passert, og gjekk innanfor Espevær.. Det skjedde ein del endringar på resultatlista i denne perioden, som er vanskelege å forklara. Det ser ut som om Mithrandir og Stayer II, frå å vera hhv på 8. og 9. plass ca 25 minutt bak leiande båt, plutseleg klatrar til første og andre plass medan alle dei andre båtane får eit




Vêret var ganske fint. Det bles nordavind heile kvelden, for det meste rundt frisk bris til liten kuling. Vinden minka noko utetter natta, til 5-7 m/s. Det var fine tilhøve på havet og ingen såg seg tent med å gå inn i Nyleia / Stokksundet /



tillegg på ca 25 min i si plassering. Noko seinare går dei to båtane attende til ei plassering midt i feltet. Her har truleg nokre av trackarane i periodar vore utanfor dekning.

Etter åtte timars seglas er situasjonen som vist til høgre. Marild, i front, er snart ved runding og held tredje plassen. Like bak kjem X-faktor, som leiar løpet, Ventus på tredje plass, og ei stor gruppe båtar.



Etter vel 11 timar har alle båtane i klassen runda, og biletet til venstre viser situasjonen ein time seinare. Fire båtar, Mithrandir, Puffin, Båtenvår, og Annisen valde å gå opp Bømlafjorden på returen, medan dei andre gjekk Espevørsundet og vidare opp vest om Bømlo. Grunnane til å gå inn kan ha vore ulike; for oss på



Båtenvår var vurderinga at at sjølv om det ikkje var så mykje vind att vestpå, gjerne 5-6 m/s så var det ein god del skvalpesjø som vi måtte ha stampa oss gjennom om vi gjekk vestom. I tillegg trudde vi at det ville bli kryssing heile vegen, medan innaskjærs burde vi få ein lang fin slør på flatt vatn med litt stikk i skjøtet opp Bømlafjorden. (Dessutan låg vi så langt bak på lista at å gambla litt innebar ingen stor risiko.) Dei andre som gjekk inn tenkte sikkert liknande tankar. Ved første augnekast ser det ut for at det var dårleg butikk å gå inn. For om det vel var ein del skvalpesjø på vestsida, så hadde vinden dreidd så pass mykje på vest at t.d. X-faktor stod opp på ein hals, og mange hadde berre eit eller to slag! I Bømlafjorden derimot, var vinden både ustadig og svak, og då vi kom opp i Stokksundet var det tidvis blankstilla. Det gjekk ikkje så aller verst for Mithrandir, som gjekk først av båtane inne, men denne braut seinare løpet. Dei tre siste vart fanga i stilla. Heldigvis gjekk straumen nord, så om det var full stopp på loggen, så rak vi rette vegen. Men fort gjekk det ikkje. Men alle sleit seg i mål, siste båt etter nær 23 timars segling.



Båtenvår ligg i stilla i Stokksundet.

Foto Tina Elvøy Hansen, Puffin

Men ser vi meir nøye på sporingsdata, så er ikkje biletet så eintydig lenger. Vi kan til dømes samanlikna dei to langsamaste båtane i feltet, Zhiras med APH 0.89 og Annisen med APH 0.94, der Zhiras gjekk ut og Annisen inn. Ved runding låg Zhiras på 2. plass på utrekna tid, medan Annisen låg på 13., og det var ca 45 minutt tidsdifferanse mellom desse. Sjølv om Annisen kanskje opplevde kortare periode med stille i Stokksundet enn båtane framanfor gjorde, var farten deira nede i under 2 knop i periodar. Trass i dette «møttes» desse to båtane ved Austevollsbrua, som båt nummer 9 og 10, og dette vart også plasseringa i mål. Då hadde altså Annisen forbetra sin posisjon med tre plassar, medan Shiraz hadde forverra sin posisjon med 7 plassar. Mannskapet på Shiraz rapporterte om «mykje plasking og lite framdrift» til tider. Dette visar tydeleg på trackinga, der Shiraz rasar nedover på resultatlista og er ved passering Slåtterøy Fyr på 9. plass. Også Stormen, med APH på

0.99, synest å ha hatt ein uheldig retur vest av Bømlo. Straks før runding Ramsholmane heldt dei tredjeplassen på utrekna tid, men på turen nord att fall dei ned til ein 8. plass i mål. Dette kan tyda på at i alle fall for dei kortaste båtane svara det seg å gå inn, og hadde det ikkje vore for periodane med vindstille i Stokksundet og Nyleia, så hadde kanskje alle båtane som gjekk inn kunna forsvart sine plasseringar ved runding, og vel så det.

For dei større båtane i den minste klassen gjekk det strålande å gå på vestsida av Bømlo på returen, og det er stort sett dei same båtane som leia på vegen sør, som også kom først i mål; X-faktor på første, Ventus på andre, og Marild på tredje plass. Desse tre båtane gjorde litt ulike vegval forbi Austevoll. X-faktor og Ventus gjekk ute heilt til Marsteinen, og fekk segla spinnaker innetter Korsfjorden heilt til Kleppholmen. Dei hadde heile tida hand om dei to første plassane i klassen. Før Austevoll låg Vandal på 3., og Marild på 4., og Kelso på 5. plass. Marild gjekk Bakkasundet, og synest å ha tent litt på dette vegvalet og var nr. 3 i mål, medan Kelso og Vandal, som gjekk til Marsteinen, kapra 4., og 5. plassen.

NOR RATING KLASSE A				
☆	1	X-faktor	Matland / Tolo	17:10:21
☆	2	Ventus	Ellingsund / Klungrehaug	17:34:16
☆	3	Marild	Paulsen / Kallenberg	17:53:22
♡	4	Kelso	Hardie / Christensen	18:02:30
♡	5	Vandal	Singstad / Tørnquist	18:15:50
♡	6	Stayer	Onarhagen / Aga	18:27:57
♡	7	Silje	Nilsen / Dybvik	18:30:36
♡	8	Stormen	Midttveit / Larsen	18:36:27
♡	9	Shiraz	Wright / Hunstad	20:08:16
♡	10	Annisen	Andersen / Næss	21:28:55
♡	11	Båtenvår	Gjøsæter / Fagerli	21:42:21
♡	12	Puffin	Hansen / Elvøy Hansen	21:44:56
♡	13	Synzygus	Hauge / Røv	21:50:26
♡	-	Trass [DNF]	Fossestøl / Rijsøen [DNF]	DNF
♡	-	Mithrandir [DNF]	Gellein / Mariero [DNF]	DNF